



Alpinkomiteen@

Sakshand.: IN/PAF

Dato: 30.04.2018

Arkivk.: ak/møter/innkalling/17-19

## **PROTOKOLL TIL MØTE NR. 03 I ALPINKOMITEEN, 2017-2019**

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt:** Måndag 16. april 2018, kl. 18.00-21.00

### **Sakliste**

#### **REFERATSAKER**

**SAK 18 17-19** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 19 17-19** Godkjenning av protokoll frå møte nr. 02 17-19 i AK  
**SAK 20 17-19** Protokoll frå møte nr. 02 17-19 i Skikrinsstyret

#### **RAPPORTERING**

**SAK 21 17-19** Rekneskap 2017  
**SAK 22 17-19** Rekneskapsrapport pr. 31.03.2018

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 23 17-19** Generell evaluering av sesongen 2017-2018  
**SAK 24 15-17** Evaluering av krinssamlingane i alpint 2017-2018  
**SAK 25 17-19** Sonetreningar  
**SAK 26 17-19** Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2018  
**SAK 27 17-19** Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2018  
**SAK 28 17-19** «Rekrutteringsprosjekt»  
**SAK 29 17-19** Samlingsplan 2018-2019  
**SAK 30 17-19** Terminliste 2018-2019  
**SAK 31 17-19** Kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane  
**SAK 32 17-19** Status markedsarbeid  
**SAK 33 17-19** Sakliste til Vårmøte 14. mai 2018  
**SAK 34 17-19** Handlingsplan 2017-2019  
**SAK 35 17-19** Felles krinsbekledning

#### **ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 36 17-19** NSF Fagmøte 2018

#### **EVENTUELT**

**SAK 37 17-19** Arbeidsavtale med krinstrenar (B-protokoll)

---

**TIL STADES:** Per Asbjørn Felde, Magne Hofslundsengen, Hege Venes, Trude Dalset, Roger Ellingsund og Anders Neteland.

#### **FORFALL:**

**MERKNADER:** Roger Ellingsund er kalla inn til møtet med bakgrunn i at han stiller til val som nytt medlem i alpinkomiteen.



Anders Neteland (krinslagstrenar) deltok i møtet i samband med Sak 23-27.  
Ingrid Narum (adm.) deltok i delar av møtet.

**REFERENT:** Hege Venes/ Ingrid Narum

---

## **REFERATSAKER**

### **SAK 18 17-19**

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

### **SAK 19 17-19**

#### **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 02 17-19 i AK**

##### **Bakgrunn**

Protokoll nr. 02 17-19 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.  
Denne er godkjent elektronisk tidlegare.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 02 17-19.

### **SAK 20 17-19**

#### **Protokoll frå møte nr. 02 17-19 i Skikrinsstyret**

##### **Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 02 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokoll nr. 02 17-19 frå Skikrinsstyret til orientering.

## **RAPPORTERING**

### **SAK 21 17-19**

#### **Rekneskap 2017**

##### **Bakgrunn**

Rekneskap 2017 er vedlagt.

Nøkkeltal:

- Driftsinntekter; kr. 1 278 548,-
- Driftskostnader; kr. 1 187 446,-
- Resultat; kr. 91 102,-
- Eigenkapital AK; kr. 279 194,-

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner rekneskapen for 2017.

### **SAK 22 17-19**

#### **Rekneskapsrapport pr. 31.03.2018**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 31.03.2018 er vedlagt.  
Rapporten vert presentert i møtet.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.



## DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 23 17-19

### Generell evaluering av sesongen 2017-2018

#### Bakgrunn

Komiteen evaluerer sesongen 2017-2018 m.a. på følgende innsatsområder:

- Arrangement/ terminliste og avvikling;
  - o Rennet på Harpefossen i veke 3 vart flytta til Jølster.
  - o Samarbeid med Hordaland om 3 kvalikkrenn.
  - o Fekk avvikla lokal Fartshelg i Jølster.
  
- Fjord1 samlingar - antal og endring;
  - o Samlingane gjennomført etter planen, men med litt endringar.
    - Haugen gav frå seg ei samling til Jølster.
    - Haugen / Hodlekve delte på ei samling.
    - Ei Ål-samling flytta til Skeikampen med Jo Mork.
    - Hadde ikkje ei rein Pre-Camp samling for U14.
    - Ein søndag på Jølster vart avlyst grunna vær.
  
- Renndeltaking og rekruttering;
  - o Renndeltakinga fortset å falle, men ein ser at det stabiliserar seg. Håpet er at rekrutteringsarbeidet i klubbane gir resultat neste år.
  - o Nokre klubbar jobbar godt med rekruttering. Desse lykkast pga. fleire trenarar, inkl. nye foreldre og set av nok tid til dette.
  - o Andre klubbar slit meir med rekruttering. Grunnar kan vere mindre trenarkapasitet, varierende sesongar og tid til dette.
  
- Sportslege resultat U12 – FIS
  - o Krinsen har fleire gode enkeltprestasjonar og fleire som på det jevne leverar gode resultat, frå U12-FIS. Men vi ser at nabofylka våre har fleire løparar på eit høgre nivå enn oss.
  
- Prosjektet krinstrenar;
  - o Trenarkapasitet. Vi fekk ikkje så stor trenarstab som ønska. Dette fekk fleire utslag som til dømes:
    - Hovudtrenar vart meir rein instruktør enn planlagt.
    - Hovudtrenar prioriterte dei eldste under trening, men ville brukt meir tid på dei yngre.
    - Hovudtrenar ville brukt meir tid på trenarutvikling.
    - Samlingar vart i mindre grad flytta rundt i krinsen avdi hovudtrenar ikkje hadde kapasitet til å reise rundt.
  - o Kveldstreningar i krinsregi. Kontinuitet i treninga var målet. Desse vart av praktiske årsaker lagt til Jølster. Tilbodet var godt for ca 80% av utøvarane, medan dei siste 20% syntest reisetida vart for lang. For dei som deltok så fekk ein kvalitet, kontinuitet, matching og det vart sosialt.
  - o Dei sportslege ansvarlege i AK syntest det har vore vanskeleg å vere oppdatert på endringar i høve samlingar. AK ynskjer difor at AK godkjenner og legg rammene for samlingsplanen. Så er det



opp til trenar-teamet å gjere nødvendige endringar. Spørsmål ang. endringar må då rettast til trenarane, ikkje AK.

### VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2018-2019.

### SAK 24 15-17

#### Evaluering av krinssamlingane i alpint 2017-2018

##### Bakgrunn

Alpinkomiteen har lagt til rette for følgjande samlingar sesongen 2017-2018:

Stad	Type	Tidspunkt	Aldersgr.	Trenar
Jølster	Ski	06.-07. mai 2017	U12 -	
Juvass	Ski	19.-20. juni 2017	U12 -	
Juvass	Ski	12.-13. august 2017	U12 -	Even
Sandane	Barmark	25.-26. august 2017	2007 og el.	Even
Juvass	Ski	02.-03. september 2017	2007 og el.	Even
Jølster	Barmark	08.-09. september 2017	2007 og el.	Even
Juvass	Ski	14.-17. september 2017	2007 og el.	ARAN
Sandane	Barmark	29.-30. september 2017	2007 og el.	Even
Juvass	Ski	08.-12. oktober 2017	2007 og el.	ARAN + lokale trenarar
Sandane	Barmark	21.-22. oktober 2017	2007 og el.	
Sogndal	Ski	11. november 2017	2007 og el.	Even
Skeikampen	Ski	18.-19. november 2017	2007 og el.	
Kvitfjell	Ski	23.-26. november 2017	2007 og el.	ARAN
Lokalt	Ski	08.-10. desember 2017	Ingen nedre aldersgr.	
Hafjell	Ski	04.-07. januar 2018	2007 og el.	ARAN
Ål	Ski	11.-14. januar 2018		Anders
Jølster	Ski	26.-27. januar 2018	U10 -	
Jølster	Ski	10.-11. mars 2018	U10 -	Even + Mats
Jølster	Ski	17.-18. mars 2018	U14-	Anders
Sogndal	Ski	24.-25. mars	U12-	Anders
PreCamp HL	Ski	05.-09. april 2018	U16	Anders

Totalt ca. 55 samlingsdøgn (barmark/ski).

### VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2018-2019.

### SAK 25 17-19

#### Sonetreningar

##### Bakgrunn

Føljande sonetreningar var planlagt for vinteren 2018:

- Sogn (Hafslo), 24. januar 2018 (avlyst)
- Sunnfjord (Førde), 31. januar 2018, 10 påmeldt
- Nordfjord (Eid), 07. februar 2018 (avlyst)

### VEDTAK

Alpinkomiteen fekk ikkje tid til å behandle saka ferdig. Men ein ser behov for



å tenke nytt angående sonetreningane. Denne saka vert teke opp at seinare, men ein ynskjer å høyre meiningar om saka på Vår møte.

#### **SAK 26 17-19**

#### **Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2018**

##### **Bakgrunn**

Telenorleikane i alpint vart avvikla på Oppdal i perioden 05.-08. april 2018.

Frå Sogn og Fjordane deltok følgjande utøvarar:

- Emilie Skrede, Jølster IL
- Siri Munthe Olsen, Sogndal IL
- Olianna Felde, BBIL
- Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
- Mats Sørebo Hopland, Stryn T og IL
- Jan Henden Rand, Haugen IL
- Oliver S. Sæthre, Haugen IL
- Johan Felde, Haugen IL
- Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
- Johannes Gjerland, Jølster IL

Hovudleiarar: Mats Engeland

Komiteen evaluerte Telenorleikane 2018 på følgjande punkt;

- sportslege resultat
- sportsleg opplegg
- logistikk (informasjon, overnatting, transport m.m.)

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

#### **SAK 27 17-19**

#### **Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2018**

##### **Bakgrunn**

Hovudlandsrennet i alpint vart avvikla i Hemsedal 10.-15. april 2018.

Frå Sogn og Fjordane deltok følgjande utøvarar:

- Elias Helle Felde, BBIL
- Andreas Røysum, Sogndal IL
- Trym Dalset Lødøen, Haugen IL
- Jacob Frederic Goll-Rasmussen, Haugen IL
- Sara Nygård, Førde IL
- Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
- Ida Munthe Olsen, Sogndal IL
- Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Hovudleiar tekniske disiplinane og SG: Anders Neteland

Lagleiar fart: Per Asbjørn Felde

I forkant vart det gjennomført ein PreCamp i Jølster (prøvekyrrar FIS Jølster) og på Ål 05.-09. april.

Anders Neteland var hovudleiar for PreCampen.



Komiteen evaluerte Hovudlandsrennet 2018 på følgende punkt;

- sportslege resultat
- sportsleg opplegg
- logistikk (informasjon, overnatting, transport m.m.)
- PreCamp

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

#### **SAK 28 17-19**

#### **«Rekrutteringsprosjekt»**

##### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen gjorde følgende vedtak om «Rekrutteringsprosjekt» i møte nr. 01 sak 02 17-19:

*Alpinkomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins etablerar eit «Rekrutteringsprosjekt» som m.a. skal innehalde desse rammene:*

- 1) *Alpinkomiteen set av kr. 50 000,- i budsjettet for 2017/ 2018 som alpingruppene kan søkje på.*
- 2) *Alpingruppene kan få inn til kr. 10 000,- i støtte til div. klubbaktivitetar, og forpliktar seg til å m.a. gjennomføre følgjande tiltak:*
  - a) *Alpingruppa skal gjennomføre min. 1 lågterskel «foreldrekurs»*
  - b) *Alpingruppa skal gjennomføre Telenor Karusellen etter Norges Skiforbund sin nye mal for konseptet*
  - c) *Alpingruppa skal saman med det lokale skisenteret vere med å legge til rette for Fjord1 Attacking Vikings. Dette tiltaket vil ikkje vere eit tilbod til alle alpingruppene, men vert gjennomført sonevis i samarbeid med Norges Skiforbund v/ Jo Mork.*
  - d) *Alpingruppa skal utvikle eit årshjul for klubbaktiviteten*
  - e) *Alpingruppa skal etablere ei «knøttegruppe»*
  - f) *Alpingruppa skal arbeide for at flest mogleg av gruppa sine medlemmer deltek på alpinkomiteen si breiddesamling på Geilo/ Ål i november 2017*

*Prosjektet skal publiserast innan utgangen av august 2017.*

*Ansvarleg for utarbeiding og oppfølging av prosjektet er Trude Dalseth (AK) og Yngve Thorsen (adm.).*

*Vidare skal komiteen hausten 2017 gjennomføre klubbutviklingsprosessar i Hafslø IL, Haugen IL og Stryn T&IL.*

Alpinkomiteen la prosjektet på is 2017-2018.



### **VEDTAK**

Alpinkomiteen fekk ikkje tid til å behandle saka ferdig, men ein vil informere om prosjektet på Vår møte og få tilbakemeldingar som ein tek med i det vidare arbeidet.

### **SAK 29 17-19**

#### **Samlingsplan 2018-2019**

##### **Bakgrunn**

Med bakgrunn i evaluering og tidlegare drøftingar skal komiteen legge rammer for det sportslege tilbodet sesongen 2018-2019.

Viktige moment i drøftingane:

- Barmark
- Ski
- Samlingar i eller utanfor fylket, samarbeid med ARA?
- Ei eller to felles barmarksamlingar på tvers av greiner i SFSK?
- Rekruttering
- Differensiering av tilbod (U10/ U12/ U14 og U16)
- m.m.

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen fekk ikkje tid til å behandle saka ferdig og jobbar vidare med saka fram til neste møte i komiteen.

### **SAK 30 17-19**

#### **Terminliste 2018-2019**

##### **Bakgrunn**

Rammer for terminliste skal leggast fram i samband med alpinkomiteen sitt Vår møte 14. mai 2018.

Endeleg handsaming av terminlista skjer i samband med alpinkomiteen sitt Haustmøte.

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen fekk ikkje behandla saka ferdig, men ynskjer tilbakemelding frå Vår møte om vi skal ha same føringane for terminlista som sist sesong.

### **SAK 31 17-19**

#### **Kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane**

##### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen gjorde følgjande vedtak om kvalik. reglement i møte nr. 02 sak 11 17-19:

*Tal kvalifiseringsrenn: 3 SL, 3 SSL, 2 SG.*

*Dei 4 beste omgangane i SL, 4 beste omgangane i SSL og den beste omgangen i SG er teljande i puljeplasseringa til HL/LC.*

*Poengfordeling: 1.pl = 12p, 2.pl = 10p, 3.pl = 8p, 4.pl = 6p, 5.pl = 5p, 6.pl = 4p, 7.pl = 3p, 8.pl = 2p, 9.pl = 1p. Samanlagt poengsum avgjer endeleg puljeplassering. Det blir rangering i SL og SSL mellom dei påmelde utøvarane.*

*Best kvalifiserte i SL og SSL har fyrsteretten til puljeval i HL/LC.*



*Best kvalifiserte i SG har fyrsteretten til puljeval i treningsomgangane i UF i HL.*

*Beste løpar i siste treningsomgang i HL har fyrsteretten til puljeval i UF-rennet.*

*AK kan bruke skjønn i evalueringa/rangeringa og uttak av løparar m.o.t. skade/sjukdom, tidsdifferansar, eller at talet på kvalifiseringsrenn ikkje blir mange nok pga. deltaking i nasjonale- og/eller internasjonalearrangement.*

*Ved behov kan alpinksomiteen bruke ev. krinslagstrenarar i aktuelle skjønsmessige vurderingar.*

#### **VEDTAK**

Alpinksomiteen fekk ikkje tid til å behandle saka og tek den opp att seinare.

#### **SAK 32 17-19**

#### **Status markedsarbeid**

##### **Bakgrunn**

<b>Verksemd</b>	<b>Grein</b>	<b>Går ut</b>	<b>Status</b>
Fjord1	Alpint	01.09.2018	Reforhandlast vår/sommar 2018.
Sparebanken Vest	Alpint	31.12.2018	Reforhandlast sommar/haust 2018.
Frydenbø Bilsenter AS	Alpint	31.12.2017	Avtalen er ikkje fornya.
COOP Vest SA	Alpint	31.12.2018	Reforhandlast hausten 2018.

#### **VEDTAK**

Alpinksomiteen tek saka til orientering og viser til sak 12 17-19 i Skikrinsstyret der det vart gjort følgjande ansvarsdeling:

- Frydenbø Bilsenter AS, ansv.: Atle H.
- Fjord1, ansv.: Atle H. Tonje N. og adm.
- Sparebanken Vest, ansv.: Atle H. og adm.

#### **SAK 33 17-19**

#### **Sakliste til Vår møte 14. mai 2018**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vår møtet 2018 skal avviklast 14. mai på Skei v/ Thon Jølster Hotell.

Alpinksomiteen fastset sakliste for møtet.

Ibhm. Vår møtet 2017 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Informasjon NSF Alpint, Vår møtet 2017
- 2) Evaluering av sesongen 2016-2017 v/ Atle Hamar (AK)
- 3) Sportslege rammer sesongen 2017-2018 v/ Per A. Felde (AK)
  - Samlingsopplegg 2017-2018
  - Rekrutteringsarbeid
- 4) Utvikling av unge utøvarar v/ Claus Ryste (Sportssjef NSF)
- 5) Rammer for Terminliste 2017-2018 v/ Per A. Felde (AK)





### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vårsmøtet 2018:

- 1) Evaluering av sesongen 2017-2018
- 2) Sportslege rammer sesongen 2018-2019  
- Samlingsopplegg 2018-2019
- 3) «Rekrutteringsprosjektet»
- 4) Rammer for Terminliste 2018-2019
- 5) Økonomi/ marked

### **SAK 34 17-19**

#### **Handlingsplan 2017-2019**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2017-2019 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2017.

Planen finn ein vedlagt.

I møtet skal komiteen handsame handlingsplanen, drøfte alpinkomiteen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling.

### **SAK 35 17-19**

#### **Felles krinsbekledning**

##### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen har jobba med å få til felles krinsbekledning gjennom eit sponsor-samarbeid med Intersport Sogndal.

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen utset saka til neste møte i komiteen, men informerer om det vi veit så langt og får tilbakemeldingar av Vårsmøte.

### **ORIENTERINGSSAKER**

### **SAK 36 17-19**

#### **NSF Fagmøte 2018**

##### **Bakgrunn**

Norges Skiforbund Alpint sitt fagmøte vert avvikla 31. mai-1. juni 2018 i Stavanger i forkant av Ski-tinget 2018.

### **VEDTAK**

Per Asbjørn Felde representerar alpinkomiteen på NSF sitt fagmøte.

### **EVENTUELT**

### **SAK 37 17-19**

#### **Arbeidsavtale med krinstrenar (B-protokoll)**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Per Asbjørn Felde (s)  
Fung. leiar AK

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef



**Vedlegg SAK 19 17-19 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 02 17-19 i AK**

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 15.11.2017

Arkivk.: ak/møter/protokoll/17-19

**PROTOKOLL MØTE NR. 02 I ALPINKOMITEEN, 2017-2019**

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt:** Onsdag 15. november 2017, kl. 18.00-20.45

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 05 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**SAK 06 17-19 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 01 15-17 i AK**  
**SAK 07 17-19 Referat frå Haustmøtet 11. november 2017**  
**SAK 08 17-19 Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i Skikrinsstyret**

**RAPPORTERING**

**SAK 09 17-19 Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 10 17-19 Terminliste 2017-2018**  
**SAK 11 17-19 Kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane**  
**SAK 12 17-19 Oppfølging av arbeidet med kvalifiseringstabellar**  
**SAK 13 17-19 Treningsopplegg vinteren 2018**  
**SAK 14 17-19 Arbeidsavtalar for krinstrenarar**  
**SAK 15 17-19 Handlingsplan 2017-2019**  
**SAK 16 17-19 Hovudlandsrennet 2018**  
**SAK 17 17-19 Telenorleikane 2018**

**ORIENTERINGSSAKER**

**EVENTUELT**

**SAK 18 17-19 Orientering om markedsarbeidet til komiteen**

---

**TIL STADES:** Atle Hamar, Per Asbjørn Felde, Magne Hofslundsengen, Hege Venes, Trude Dalseth Lødøen og Yngve Thorsen (adm.)

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Yngve Thorsen

---



## REFERATSAKER

### SAK 05 17-19

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn**

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er utsendt på førehand.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 06 17-19

#### **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 01 15-17 i AK Bakgrunn**

Protokoll nr. 01 17-19 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.  
Denne er godkjent elektronisk tidlegare.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 01 17-19.

### SAK 07 17-19

#### **Referat frå Haustmøtet 11. november 2017**

#### **Bakgrunn**

Referat frå Haustmøtet vart presentert i møtet.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek referatet til orientering.

### SAK 08 17-19

#### **Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i Skikrinsstyret**

#### **Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokoll nr. 01 17-19 frå Skikrinsstyret til orientering.

## RAPPORTERING

### SAK 09 17-19

#### **Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017**

#### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017 er vedlagt.  
Rapporten vart presentert av adm. i møtet.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 10 17-19

#### **Terminliste 2017-2018**

#### **Bakgrunn**

Terminliste 2017-2018 er vedlagt.

I høve innspel frå Haustmøtet 11. november 2017 skal alpinkomiteen vurdere ev. endringar.

I samband med Haustmøtet vart m.a. følgjande drøfta:

- «Fartshelg» i Sogn og Fjordane



- Kvar er renntilbodet til yngre utøvarar tidleg i sesongen?
- Er det riktig å ikkje ha eit renntilbod lokalt når det er ECO i Hemsedal (19.-21. januar 2018)?

Terminliste 2017-2018 (d.s. 03.11.2017) er vedlagt.

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen vedtek terminlista slik den føreligg, med følgjande endringar:

- 1) SPV AlpinCup Haugen IL, 20.-21. januar 2018
- 2) Fartshelg/ KM i SG/SC vert gjennomført 10.-11. mars 2018.

Arrangør er ikkje endeleg avklara, men aktuelle arrangørar er Jølster IL og Haugen IL.

- 3) Grotlirenna vert flytta til 14.-15. april 2018 (etter ynskje frå arrangør)

### **SAK 11 17-19**

#### **Kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane Bakgrunn**

Gjeldande kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane vart lagt fram og drøfta i samband med Haustmøtet 11. november 2017.

I tråd med terminlista, tal kvalik. renn kommande sesong samt innspel frå Haustmøtet skal alpinkomiteen revidere gjeldande reglement.

Gjeldande kvalik. reglement er vedlagt.

### **VEDTAK**

Alpinkomiten gjer vedtak om følgjande kvalik. reglement:

*Tal kvalifiseringsrenn: 3 SL, 3 SSL, 2 SG.*

*Dei 4 beste omgangane i SL, 4 beste omgangane i SSL og den beste omgangen i SG er teljande i puljeplasseringa til HL/LC.*

*Poengfordeling: 1.pl = 12p, 2.pl = 10p, 3.pl = 8p, 4.pl = 6p, 5.pl = 5p, 6.pl = 4p, 7.pl = 3p, 8.pl = 2p, 9.pl = 1p. Samanlagt poengsum avgjer endeleg puljeplassering. Det blir rangering i SL og SSL mellom dei påmelde utøvarane.*

*Best kvalifiserte i SL og SSL har fyrsteretten til puljeval i HL/LC.*

*Best kvalifiserte i SG har fyrsteretten til puljeval i treningsomgangane i UF i HL.*

*Beste løpar i siste treningsomgang i HL har fyrsteretten til puljeval i UF-rennet.*

*AK kan bruke skjønn i evalueringa/rangeringa og uttak av løparar m.o.t. skade/sjukdom, tidsdifferansar, eller at talet på kvalifiseringsrenn ikkje blir mange nok pga. deltaking i nasjonale-og/eller internasjonalearrangement.*



*Ved behov kan alpinksjetteen bruke ev. kretsagstrenarar i aktuelle skjønsmessige vurderingar.*

#### **SAK 12 17-19**

#### **Oppfølging av arbeidet med kvalifiseringstabellar**

##### **Bakgrunn**

Jamfør Sogn og Fjordane Skikrets sitt kvalif. reglement for puljeplassering av løparar til Hovudlandsrennet og Telenorleikane i 2018, skal to av sjetteen sine medlemmer syte for utrekning og ajourføring av kvalifiseringstabell.

##### **VEDTAK**

Alpinksjetteen gjer vedtak om at Hege Venes og Per Asbjørn Felde har ansvar for utrekning og ajourføring av kvalifiseringstabellar i 2018.

#### **SAK 13 17-19**

#### **Treningsopplegg vinteren 2018**

##### **Bakgrunn**

I samarbeid med Anders Neteland planlegg alpinksjetteen eit nytt treningsopplegg vinteren 2018.

Overordna målsetjingar;

- gje løparar frå Sogn og Fjordane best moglege føresetnader for å lykkast som alpinistar på lang sikt
- fleire aktive løparar og fleire løparar som tek steget vidare til skigymnas
- større utbyte frå åra som alpinist i fylket, uavhengig av karriereslutt

Målsetjingar;

- forbetre tilbodet for breidde og satsing
- redusere kostnader
- arbeide for sterkare lokal tilknytning

Korleis nå måla?

- skape kontinuitet gjennom sesongen for kvar enkelt løpar
- skape større miljø og meir homogene treningsgrupper
- heve kompetanse til løparar, trenarar og foreldre
- bygge ein sunn idrettskultur i alpinmiljøet
- sterkare lokal tilnytning med betre føresetnader for rekruttering

Krets legg til rette for følgjande for aldersgruppene U12 – U16;

- samlingar og arrangement
- ca 1 kveldstrening i veka på ski
- oppfølging av løparar/ foreldre heile året

Alpingruppene legg til rette for følgjande;

- kveldstreningar på ski og barmark U12 – U16
- all trening for U10 og yngre
- rekruttering



Struktur og ansvarområde;

- Alpinkomiteen; overordna sportsleg ansvar
- Skikrinsen v/ adm.; informasjon, påmelding, økonomi
- Hovudtrener; sportsleg planlegging, koordinering, gjennomføring og oppfølging
- Treningar for ulike grupper; ansvar for respektive løparar

Føresetnader for å lukkast;

- tillit og lojalitet til modellen
- samarbeid mellom krets-klubb og klubb-klubb
- trenarstyrt

### **VEDTAK**

Med bakgrunn i presentasjon og drøftingar i samband med Haustmøtet 11. november 2017, samt sportslege og økonomiske drøftingar vedtek alpinkomiteen rammene for treningsopplegget 2018.

### **SAK 14 17-19**

#### **Arbeidsavtalar for krinstrenarar**

##### **Bakgrunn**

Med bakgrunn i vedtak i Sak 15 17-19 skal det utarbeidast arbeidsavtalar for alle krinstrenarar knytt til Sogn og Fjordane Skikrins, alpinkomiteen.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om at aktuelle krinstrenarar får tilbod om oppdragsbaserte arbeidsavtalar i 2018.

Økonomisk nivå i arbeidsavtalane skal vere innanfor dei økonomiske budsjetttrammene til komiteen i 2018.

Ein legg vidare opp til at det skal vere eit differensiert lønsnivå i avtalane basert på dei ulike trenarane sin kompetanse, trenarerfaring etc. I tillegg vil hovudtrener få ekstra godtgjersle for arbeidet knytt til organisering og planlegging.

Adm. sjef følgjer opp saka saman med leiar i komiteen.

### **SAK 15 17-19**

#### **Handlingsplan 2017-2019**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2017-2019 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2017.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta alpinkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.



#### **SAK 16 17-19**

#### **Hovudlandsrennet 2018**

##### **Bakgrunn**

Hovudlandsrennet i alpint vert avvikla i Hemsedal 10.-15. april 2018. Komiteen oppnemner hovudleiar for Sogn og Fjordane Skikrins.

##### **VEDTAK**

Komiteen oppnemner Anders Neteland som hovudleiar for PreCampen samt dei tekniske disiplinane, medan Even Hole vert oppnemnt som hovudleiar for fartsdelen.

#### **SAK 17 17-19**

#### **Telenorleikane 2018**

##### **Bakgrunn**

Telenorleikane i alpint vert avvikla på Oppdal i perioden 05.-08. april 2018. Komiteen oppnemner hovudleiar for PreCampen og meisterskapen.

##### **VEDTAK**

Komiteen oppnemner Mats Engeland som hovudleiar for PreCampen og Telenorleikane 2018

### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **EVENTUELT**

#### **SAK 18 17-19**

#### **Orientering om markedsarbeidet til komiteen**

##### **Bakgrunn**

Leiar i komiteen orienterte om status i markedsarbeidet til komiteen i høve til følgjande sponsorat:

- COOP Vest SA
- Frydenbø Bilsenter AS
- Fjord1
- Sparebanken Vest

##### **VEDTAK**

Komiteen tek saka til orientering.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)  
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef



**Vedlegg SAK 20 17-19      Protokoll frå møte nr. 02 17-19 i Skikrinsstyret**

Skikrinsstyret@

Sakshand.: YT/FÅ

Dato: 12.12.2017

Arkivk.: styret/møter/innkalling/17-19

**PROTOKOLL MØTE NR. 02 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019**

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell

**Tidspunkt:** Måndag 11. desember 2017, kl. 17.00-21.20

**RAMMEPROGRAM, MÅNDAG 11. DESEMBER 2017**

<b>Program</b>	<b>Tidspunkt</b>	<b>Saker</b>	<b>Andre opplysningar</b>
Frammøte	Kl. 17.00-18.00	Sak 18-25/ 17-19	
Middag, juletallerken	Kl. 18.05-18.55		
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 19.00-21.00	Sak 26-32/ 17-19	

**REFERATSAKER**

**SAK 18 17-19**      Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 19 17-19**      Godkjenning av protokoll nr. 01 17-19 frå Skikrinsstyret  
**SAK 20 17-19**      SFSK AK referat Haustmøtet 2017  
**SAK 21 17-19**      SFSK AK protokoll nr. 02 17-19  
**SAK 22 17-19**      SFSK LK referat Haustmøtet 2017  
**SAK 23 17-19**      SFSK HKK protokoll nr. 02 17-19  
**SAK 24 17-19**      SFSK HKK referat Haustmøtet 2017

**RAPPORTERING**

**SAK 25 17-19**      Rekneskapsrapport pr. 30.11.2017

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 26 17-19**      Tilsetjing av ny administrasjonssjef i Sogn og Fj. Skikrins  
**SAK 27 17-19**      «Fluor-saken»  
**SAK 28 17-19**      Omorganisering av SFSK sine felles komitèar  
**SAK 29 17-19**      Budsjett 2018  
**SAK 30 17-19**      SUM; SFSK Handlingsplan 2017-2019  
**SAK 31 17-19**      Skiidretten sin handlingsplan for antidoping arbeid 2017-2020

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 32 17-19**      Ski i Skulen 2018

**EVENTUELT**

**SAK 33 17-19**      Møteplan 1. halvår 2018





---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Atle Hamar, Oddmund Lefdal, Henning Sæthre, Sjur Håvard Øygard og Yngve Thorsen (adm.)

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Yngve Thorsen

---

**REFERATSAKER**

**SAK 18 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 19 17-19 Godkjenning av protokoll nr. 01 17-19 frå Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 01 17-19 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 01 17-19.

**SAK 20 17-19 SFSK AK referat Haustmøtet 2017**

**Bakgrunn**

Referat frå alpinkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**SAK 21 17-19 SFSK AK protokoll nr. 02 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 02 17-19 i alpinkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 22 17-19 SFSK LK referat Haustmøtet 2017**

**Bakgrunn**

Referat frå langrennskomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.



**SAK 23 17-19**

**SFSK HKK protokoll nr. 02 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 02 17-19 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 24 17-19**

**SFSK HKK referat Haustmøtet 2017**

**Bakgrunn**

Referat frå alpinkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**RAPPORTERING**

**SAK 25 17-19**

**Rekneskapsrapport pr. 30.11.2017**

**Bakgrunn**

Rekneskap pr. 30.11.2017 er vedlagt.

Adm. presenterte rapporten i møtet.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 26 17-19**

**Tilsetjing av ny administrasjonssjef i Sogn og Fj. Skikrins**

**Bakgrunn**

Administrasjonssjef i Sogn og Fjordane Skikrins, Yngve Thorsen, har sagt opp si stilling frå 29. november 2017. Jf. arbeidsavtale er det 3 månader oppseiing i stillinga. Siste arbeidsdag er onsdag 28. februar 2017.

Thorsen har takka ja til ny stilling som HMS ansvarleg i Coop Vest SA.

Saman med Norges Skiforbund startar skikrinsen no arbeidet med å finne ny administrasjonssjef.

Framdriftsplan:

- Utlysing av stilling, veke 49
- Søknadsfrist, måndag 18. desember 2017
- Handsaming av søknader, veke 51
- Intervjurunder, veke 2 og 3

Prosessen med tilsetjing av ny administrasjonssjef vert leia av utviklingssjef i Norges Skiforbund Helen Ingebretsen og krinsleiar Finn Årdal.

I samband med handsaming av saka ynskjer krinsleiar at Skikrinsstyret drøftar «profilen» til ny administrasjonssjef.



## **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og legg følgjande profil til grunn for vidare arbeid:

- Sterk organisator
- God tilretteleggar
- Strukturert
- Økonomistyring
- Markedsrelatert
- Fleksibilitet/ tilgjengeleg
- Kommunikasjonsevner (munnleg/ skriftleg)

Arbeidsstaden skal vere ved Idrettens Hus i Førde.

## **SAK 27 17-19**

### **«Fluor-saken»**

#### **Bakgrunn**

Viser til utgreiing og vedtak frå Skikrinstinget 2017, Sak 9.2 Forbod mot fluorholdig glidesmurning i aldersbestemte klassar.

*Skikrinstinget gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins skal følgje Norges Skiforbund sine anbefalingar og vedtak i høve saka, samt at ein støttar arbeidet med forbod mot bruk av fluorhaldige gliprodukt i aldersbestemte årsklassar.*

*Skikrinstinget gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins skal førebu og informere idrettslaga og ålmenta om forbodet som kan kome, i høve bruk av fluorhaldige gliprodukt i aldersbestemte årsklassar.*

Det har den siste tida versert noko ulike oppfatningar og variantar når det gjeld ev. fluorforbod, og i den samanheng har Norges Skiforbund komt med følgjande presisering.

Langrennskomiteen (NSF) sitt vedtak i etterkant av Haustmøtet var som følgjer:

*Langrennskomiteen i Norges Skiforbund innfører eit fluorforbod i klassane til og med 16 år, men først når det finst sikre kontrollmetodar som kan identifisere fluor under skia før start i skirenn. Metodar for kontroll finst ikkje per dags dato, men fleire arbeidar med å få dette på plass. Fram til dette forbodet trer i kraft oppmodar ein alle skikretsar og klubbar til å nytte gliprodukt utan fluor – i alle skirenn – spesielt til og med 16 år. Når sikre kontrollmetodar er på plass skal forbodet gjelde frå 14 dagar etter at alle kretsar og klubbar har mottatt informasjon frå NSF om at forbodet inntreffer. For å avgrense helse- og miljøskade ved bruk av fluor vil langrennskomiteen i Norges Skiforbund oppmode alle å sjå til at vedtekne smørevettreglar og reglar for handsaming av avfall vert fulgt.*

Endringar i rennreglementet vert vedteke av Skistyret etter uttale frå lov- og påtaleutvalet, og inntil kontrollmetodar er på plass og eit slikt vedtak er gjort, føreligg det ikkje noko forbod mot fluor i konkurransar.



Skikretsane har dermed ikkje høve til å innføre egne rennreglement for renn i NSF si terminliste. Kretsar og klubbar må gjerne vedta oppmodingar, men dette kan ikkje kommuniserast som regel eller forbod.

Når det gjeld kombinert er det slik at ein har ei ordning i Norgescup med felles smøreservice for samtlege deltakarar. Innanfor denne ordninga bestemte ein framfor denne sesongen at fluor ikkje skulle nyttast. Formelt må dette ikkje forvekslast med eit forbod.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å oppmode at alle arrangement approbert i Sogn og Fjordane Skikrins si terminliste skal vere «fluorfrie». Dvs. at ein oppmodar alle klubbar å nytte gliprodukt utan fluor – spesielt i årsklassane til og med 16 år.

## **SAK 28 17-19**

### **Omorganisering av SFSK sine felles komitèar**

#### **Bakgrunn**

Leiar foreslår at Skikrinsstyret gjer ei nærare drøfting om følgjande tverridrettslege utval skal avviklast:

- 1) Økonomi- og sponsorutvalet
- 2) Utdanning- og utviklingsutvalet

Bakgrunnen for drøftinga er knytt til lite eller ingen aktivitet i desse utvala siste 10 åra, og at saker knytt til desse utvala sine arbeidsområder har vore handsama direkte i Skikrinsstyret i samråd med administrasjonen.

For øvrig kan ein legge til at Skikrinsstyret fritt kan opprette og legge ned utval, men ein kan ikkje avvikle valde fagkomitear. Vidare kan ein heller ikkje avvikle anleggskomiteen, då det i Sogn og Fjordane Skikrins si lov er presisert (§20, pkt. 3) at ein skal ha eit anleggsutval med det tal medlemmer som Skikrinsstyret avgjer.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at følgjande utval skal avviklast f.o.m. dags dato:

- 1) Økonomi- og sponsorutvalet
- 2) Utdanning- og utviklingsutvalet

## **SAK 29 17-19**

### **Budsjett 2018**

#### **Bakgrunn**

Framlegg til rammer for budsjett for 2018 er vedlagt.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2018 balanserar, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 3 078 500,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 3 078 500,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå



fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter samt eigendelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

- Markedsinntektene til Sogn og Fjordane Skikrins er budsjettert på same nivå som i 2017.
- Markedsavtalane til skikrinsen er reforhandla for budsjettåret 2018. Ver merksam på at følgjande markedsavtalar må reforhandlast i 2018 på min. av dagens nivå: ByggTeam AS (langrenn), Frydenbø AS og Fjord1 (alpint). I tillegg må barteravtalen med Erdal Sport AS (Intersport) og AVIS Bilutleige reforhandlast.

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr 45 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet, integrering, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane, medan AU held igjen 12% til eiga drift er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

## **ARBEIDSUTVALET**

### **AU – Drift administrasjon**

#### **Markedsinntekter**

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2018 er ca. kr. 940 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

#### **Tilskot frå idrettskrins**

Det er budsjettert med kr 95 000,- i tilskot frå idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2017 syner.

#### **Lagskontingent**

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2017, og utgjer samla ca. kr. 210 000,-.

#### **Momskompensasjon**

Jf. signal frå Norges Idrettsforbund og retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med kr. 160 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitèar.



### **IT kostnader**

IT kostnadane er budsjettert med kr 35 000,-, same nivå som budsjettet for 2017 viser.

### **Rekrutteringsprosjekt**

I rekrutteringsprosjektet er det budsjettert med sonevise Miljøsamlingar.

Ibhm. Miljøsamlingane er det budsjettert med eit tilskot til tekniske arrangørar i 2018 på tilsaman kr. 19 500,-.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr 15 000,- til rekrutteringsprosjektet frå NSF (post 3 midlar), samt kr. 12 000,- i deltakaravgifter.

### **Funksjonshemma**

Innanfor område integrering/ funksjonshemma er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Det er verdt å merke seg at det også er budsjettert med eit tilskot frå NSF på kr 15 000,- (post 3-midlar).

### **Krinsting**

Det skal ikkje gjennomførast krinsting i 2018. Difor er det ikkje budsjettert med kostnader eller inntekter på dette prosjektet.

### **Styret**

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr. 175 000,- i kostnader.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Vårmøte/ Ski-tinget og Haustmøtet 2018).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

### **Trenarkurs/ utdanning**

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i om lag balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, kursinntekter og post 3-midlar, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, leige av lokale samt kjøp av kursmateriell m.m.

### **Ski i skulen**

Ved vidareføring av Ski i Skulen 2018 er det m.a. budsjettert med kr. 100 000,- i offentlege tilskot. Dette tilskotet baserar seg på utviklingsavtale med fylkeskommunen.

Ein har vidare fått avslag på søknad om økonomisk støtte til prosjektet i 2018 frå Sparebankstiftinga.



På kostnadssida er det budsjettert med honorar til instruktørar, reiserekningar og kostnader knytt til busstransport.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

### **Prosjekt Telemark/ Randoneè**

Forventa inntekter på dette prosjektet er kr. 50 000,-, i tråd med tidlegare tilsagn (oppstartsmidlar) frå Skikrinsstyret. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp til eit rammebudsjett i balanse.

### **ALPINKOMITEEN**

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserer med kr. 983 900,- i driftsinntekter og kr. 983 900,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med ca. kr. 370 000,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1, Frydenbø AS, COOP Vest SA og Sparebanken Vest.

Ver merksam på at samarbeidsavtalen med Fjord1 og Frydenbø AS må reforhandlast i 2018.

Det er også lagt inn kr 20 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er omlag same nivå som rekneskapstala for 2017 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 433 900,-.

### **NM**

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad, kr 5 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 5 000,-

### **Jr. NM**

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr 10 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 10 000,-.

### **HL**

På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 66 000,-.

### **Cup**

Ifbm. Fjord1 cupen er det budsjettert med kr. 5000,- i annonsering, i tillegg til kr 30 000,- i kjøp av premiar.



Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 35 000,-.

### **FIS-renn**

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar, i tillegg til FIS-lisensen.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – kr. 10 000,-.

### **Fjord1 samlingar/ krinslag**

Fjord1 samlingane er budsjettert i høve til alpinkomiteen sitt nye sportslege opplegg. Vidare er det budsjettert med innkjøp av nødvendig sportsleg utstyr til komiteen med kr. 50 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 296 000,-.

### **Alpinkomiteen**

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 11 000,-.

### **HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN**

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 72 600,- i driftsinntekter og kr. 72 600,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE. Avtalen med SFE vart reforhandla for tre nye år hausten 2016.

I samband med drift av SFE-bakken er det budsjettert med reisekostnader på kr. 8 000,-

Det er også lagt inn kr 5 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 37 000,-.

### **Jr. NM**

Det er ikkje budsjettert med utøvarar til Jr. NM i 2018 frå Sogn og Fjordane.

### **HL/ «Solan Gundersen»**

Ifbm. Hovedlandsrennet/ «Solan Gundersen» er det budsjettert med kostnader på tilsaman kr. 7 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 7 000,-

### **Cup**

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med reklame og annonsering på kr. 3 750,-, i tillegg til kjøp av premiar på kr. 10 000,- .

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 13 750,-





### **Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»**

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 12 250,-. Ev. ressursar knytt til Sommarhoppeskule i Bjørkelibakkane er også knytt til dette prosjektet.

### **Hopp- og kombinertkomiteen**

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 4 000,-.

### **LANGRENNSKOMITEEN**

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 290 800,- i driftsinntekter og kr. 1 290 800,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr 369 600 i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane, ByggTeam og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 50 000,- i lisensar/ rennavgifter, tilsvarande nivå som rekneskapstala for 2017 syner.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 485 800,-

### **NM, jr. NM og HL**

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr – 168 400,-

### **Cup/ SSF Cup**

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 35 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 47 500,-

### **FIS-renn**

I samband med renna i Norgescup' en er det budsjettert at komiteen dekkjer reise- og opphald for hovudleiar og støtteapparat (3 personar ved kvart arrangement). Det er i tillegg budsjettert med eit honorar for hovudleiar. Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 140 000,-

### **Krinslag**

På krinslaget er det budsjettert med kr. 350 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), om lag same nivå som rekneskapen for 2017 syner.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 125 000,- i kjøp av klede, kr. 30 000,- i reisekostnader og kr. 195 000,- i overnatting i samband med samlingar.



Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 123 000,-.

### **Langrennskomiteen**

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 6 900,-

### **LSV-huer**

Det er ikkje budsjettert med kjøp og sal av LSV-huer.

### **GENERELL SLUTTKOMMENTAR**

Adm. sitt framlegg til rammer for budsjett må reviderast 1. kvartal 2018.

I tillegg kan det vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2017 til 2018, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om ev. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om ev. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2018, når arbeidet med rekneskapen for 2017 er slutført.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret vedtek rammene for budsjettet 2018, og gjer vidare vedtak om at budsjettet skal reviderast 1. kvartal 2018.

Ein gjer vidare vedtak om at AU tildelast ca. 50% av mva. kompensasjonen kvart år.

## **SAK 30 17-19**

### **SUM; SFSK Handlingsplan 2017-2019**

#### **Bakgrunn**

Oppdatert Handlingsplan 2017-2019 er vedlagt.

I møtet legg ein opp til gjennomgang av status i handlingsplanen.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at «Sogn og Fjordane-leikane» skal avviklast laurdag 17. februar 2018 i Sogndal Skisenter. Styremedlem Tonje Norheim Tangerud følgjer opp tiltaket.

## **SAK 31 17-19**

### **Skiidretten sin handlingsplan for antidoping arbeid 2017-2020**

#### **Bakgrunn**

I høve til krav frå Norges Skiforbund skal Sogn og Fjordane Skikrins utvikle eigen handlingsplan for antidoping arbeid.

Døme på tiltak kan vere;

- arbeide for at arrangørar av KM/ arrangement i krinscupen gjennomfører «Rent idrettslag»
- i samarbeid med Antidoping Norge gjennomføre/ legge til rette informasjonsforedrag



### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at alle medlemmane i skikrinsstyret skal gjennomføre e-læringsmodulen «Ren utøver», vidare skal alle ein oppmode alle arrangørar av krinsmeisterskap sesongen 2017-2018 å gjennomføre programmet «Rent idrettslag».

### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **SAK 32 17-19**

#### **Ski i Skulen 2018**

##### **Bakgrunn**

Saman med Sogn og Fjordane idrettskrins har adm. sjef i sommar og haust arbeida med reforhandling av utviklingsavtalen med Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Medio november fekk ein tilbakemelding frå fylkeskommunen om at ein støttar prosjektet i 2018 med kr. 100 000,-

Når det gjeld den øvrige finansieringa av prosjektet har Sparebankstiftinga gjeve avslag på søknad om økonomisk støtte. Her kan ein legge til at Sparebankstiftinga har støtta prosjektet sidan oppstarten i 2009.

M.a.o. er det pr.d.d. økonomisk grunnlag for å starte prosjektet ved 5 (fem) skular. Til samanlikning har 10-15 skular teke del i prosjektet dei siste åra.

Med bakgrunn i arbeidet til idrettskrinsen og skikrinsen m.o.t. etablering av ein ny utviklingsavtale med fylkeskommunen, samt gjeldande økonomiske rammer, tilrår adm. å starte prosjektet ved 5 skular i Sogn og Fjordane vinteren 2017.

I samråd med styreleiar har ein difor gjeve tilbod til følgjande skular om deltaking i prosjektet:

- Tonning skule, Stryn kommune
- Flatene skule, Førde kommune
- Sunde skule, Førde kommune
- Breim skule, Gloppen kommune
- Trudvang skule, Sogndal kommune

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **EVENTUELT**

#### **SAK 33 17-19**

#### **Møteplan 1. halvår 2018**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset møteplan 1. halvår 2018.

### **VEDTAK**

- Møte i Skikrinsstyret, 12. februar 2018
- Utvida møte i Skikrinsstyret, 16. april 2018
- Vår møtet, 14. mai 2018



Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef